



DEN NORSKE KIRKE
Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 22.11.22.

Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd

Møtedato: 17.11.22.
Møtetid: kl. 19.00.
Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Ellinor Henjesand Austreim og Andreas Ester. Irene Aase Aarseth hadde meldt forfall. Anna Sofia Høvik møtte ikkje.

Kopi av møteboka går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Godkjenning av referat frå møtet 15.09.22.

Det var ingen merknad til referat frå møtet 15.09.22.

Sidan sist.

Sidan sist har det vore avvikla avskilsgudsteneste for biskop Halvor Nordhaug i Førde kyrkje. På denne deltok soknerådsmedlemmer frå Kyrkjebø sokn. I tillegg har det vore avvikla salme- og musikk kveld og hausttakkefest i Kyrkjebø kyrkje. Blomsterutdeling til pårørende har også vore gjennomført i forkant av minnegudsteneste i soknet.

Postlista.

Leiar i soknerådet gjekk gjennom postlista med soknerådsmedlemmane.

Årshjulet.

Leiar i soknerådet gjekk gjennom årshjulet med soknerådsmedlemmane.

Soknepresten har ordet.

Dagens ord frå soknepresten omhandla tema «Kva kan ein tilby kyrkjelyden?» Soknepresten fortalte om korleis møtet med barn i kyrkja kan sette nye og positive perspektiv.

Meldingssaker:

220022 Rekneskapsrapport 2022.

Leiar gjekk gjennom rekneskapsrapport pr. 11.11.22. Denne viste d.d. kr 4909,- i overskot.

220023 Personalsituasjonen i soknet.

Leiar orienterte soknerådsmedlemmane om personaltilsetjingar gjort i Høyanger kyrkjelege fellesråd 17.11.22.

220024 Året i soknerådet – status?

Soknerådsmedlemmane reflekterte litt kring korleis året i soknerådet hadde gått føre seg. Eit arrangement som fleire fann positivt og som hausta mange besøkande i kyrkja var salme- og musikk kvelden.

Vedtakssaker:

Sak 0019/22: Gudstenestelista fram t.o.m. mai 2023.

Vedtak: *Gudstenestelista vert vedteken slik den føreligg.*

Sak 0020/22: Årshjul for (delar av) 2023.

Vedtak: *Årshjulet for 2023 vert ajourført etter møtet i samsvar med drøftingane i soknerådet.*

Sak 0021/22: Møteplan for 2023.

Vedtak: *Soknerådet har møte kvar tredje torsdag i kvar månad i tida jan. – mai, og sept.- nov. kl. 19.00.*

Sak 0022/22: Budsjett for 2023.

Vedtak: *Framlegg til budsjett vert vedteke slik det føreligg.*

Sak 0023/22: Val av soknerådsleiar og nestleiar.

Vedtak: *Sturla Bell Fossen vart samrøystes valt til leiar. Irene Aase Aarseth vart samrøystes valt til nestleiar.*

For Kyrkjebø sokneråd

Ellinor Henjesand Austreim
Sekretær